

Fra: Solveig Masdal Haugsvær
Sendt: 10. januar 2018 15:14
Til: Solveig Masdal Haugsvær
Kopi: stilling@nav.no
Emne: Sender e-post: Interkommunal samhandlingskoordinator - Førde kommune

Interkommunal samhandlingskoordinator

Kommunane i Sogn og Fjordane har gått saman om å opprette 100 % fast stilling som interkommunal samhandlingskoordinator på helse-, velferds- og omsorgsområdet.

Om stillinga:

Stillinga som samhandlingskoordinator vil vere kommunane i fylket sin felles ressurs i høve Helse Førde når det gjeld samhandling, forhandlingar og inngåing av avtalar på systemnivå.

Vidare kan følgjande oppgåver bli aktuelt å legge til stillinga:

- Sekretær for ulike samhandlingsorgan mellom kommunane og Helse Førde
- Sekretær for helse- og omsorgsutvalet i fylket
- Kommunal representant i helse- og omsorgsforumet
- Saman med Utviklingssenteret (USHT) koordinere opplæringstiltak i sektoren
- Saman med USHT koordinere fagutvikling i fylket
- Bidra til nettverksbygging i fylket
- Ressursperson for KS i saker som vedkjem helse, velferd og omsorg
- Koordinere høyringsuttalar
- Delta i / leie ulike samhandlingsprosjekt i fylket

Førde kommune vil vere arbeidsgjevar.

Kvalifikasjonar:

- Relevant utdanning på mastergradsnivå. Søkjarar utan mastergrad med særskilt relevant utdanning og arbeidserfaring kan bli vurdert
- Erfaring frå det kommunale helse-, velferds- og omsorgsområdet

Det er ein fordel at du har erfaring/vidareutdanning innanfor nokre av desse områda:

- prosjektleiing
- utviklingsarbeid
- undervisning og rettleiing
- formidling - munnleg og skriftleg
- relevante fagområde for det kommunale helse-, velferds- og omsorgsområdet

Vi ynskjer søkarar som:

- har gode kommunikasjons- og samarbeidsevner
- har god formuleringsevne, skriftleg og munnleg
- er løysingsorientert og har evne til å motivere og engasjere tilsette og samarbeidspartar
- kan arbeide sjølvstendig

Vi kan tilby:

- spennande og utfordrande stilling i eit viktig fagfelt med stort behov for auka kunnskap og utvikling
- eit kompetent og inkluderande fagmiljø i Førde kommune, kommunane i fylket og andre samarbeidspartar
- kurs og kompetanseheving innan prioriterte område
- fleksibel arbeidstid
- gode kontor- og undervisningsfasilitetar
- løn etter avtale

Kontaktpersonar:

Spørsmål om stillingane kan rettast til Kurt Even Andersen, kommunalsjef helse og omsorg, tlf. 970 10 770 eller Øystein Høyvik, einingsleiar Fagutvikling og koordinering, tlf. 936 74 106.

Søknad:

Søk på stillinga med vårt [elektroniske søknadsskjema](/om-oss/ledige-stillingar/) og oppgi saksnr 18/79.

Søknadsfrist: 28. januar 2018

Publisert av Solveig Masdal Haugsvær. Sist endra 10.01.2018 av Solveig Masdal Haugsvær
Fann du det du leita etter?

- Ja
- Nei

Kommentar :

[Send]